

# Suldal kommune

## Kommuneplan 2022 – 2034

### Tillegg til konsekvensutgreiingar av innkomne arealinnspele

#### Utdjupande ROS analysar av fire innspele som svar på motsegn frå Statsforvaltaren i Rogaland

### Innleiing

Til 1. gongs høyring av Suldal kommune sin kommuneplan vart det utarbeidd eit dokument der alle innkomne arealinnspele vart konsekvensutgreidd. I kvar utgreiing vart det og sett inn ei kort ROS analyse. Det vart her lagt vekt på å avdekke mogleg fare og det er ei føresetnad at meir detaljerte ROS-analyser vert gjennomført ved utarbeiding av områdeplan eller detaljregulering.

Statsforvaltaren i Rogaland har i høyringssvar fremma motsegn til mangelfulle ROS analysar og/eller mangelfull oppfølging av kjente risikofaktorar i 4 av arealinnspele som er føreslått i ny kommuneplan. Områda det gjeld er:

- B2 – Bustadområde Vatlandsvåg
- NÆ3 og ABA1 – Næring og småbåtanlegg i Finnvik
- (FB1- Fritidsbustad Ytre Bjerga)
- FB2 – Fritidsbustad Ullestad

Dette dokumentet blir eit vedlegg til konsekvensutgreiinga til tre av dei fire innspele og vil berre omhandle ROS og vurdering og oppfølging av ROS. Avklaring av FB1 vert tatt seinare i kommuneplanprosessen.

### Metode

På kommuneplannivå vert dette ei overordna analyse med fokus på sårbarheits vurdering. Analysar utarbeida på kommuneplannivå skal etterfølgast av reguleringsplanar på eit seinare tidspunkt når informasjonsgrunnlaget og kunnskapen er meir detaljert, og når det er mogleg å utarbeide hendingsbaserte risikoanalysar. Dette er og i tråd med føringar gjevne av DSB for ROS-analyser til arealplanar.

- ROS-analyse til kommuneplanen sin arealdel skal avdekke mogleg fare
- ROS-analyse på reguleringsplannivå skal avdekke reell fare

ROS-analyse	
<b>Naturrisiko</b> (grunnforhold, skred, flaum, radon)	Vurdering: Det er vurdert om fare for skred, flaum eller kvikkeleire finnes innafor eller nær det aktuelle området, og om det gir grunn til at det bør gjerast nærare undersøkingar.
<b>Infrastruktur</b>	Vurdering av dagens trafikksituasjon og konsekvens av auka belastning

(veg, institusjonar og uttrykkings etatar)	Beredskap og ulukkesrisiko knytt til større ulukker skal bli vurdert. Fare for brann og eksplosjon. Utrykkingstid nødetatar. Sårbarheit knytt til digital dekning, brot i straumnett, ferdselsårer.
<b>Verksemdrisiko</b> (Støy, forureining, utilsikta inngrep i naturmangfald/kulturminne)	Situasjonen i området knytt til kjend kunnskap om ureining (m.a. trafikk og verksemdstøy, grunnureining) skal bli vurdert opp mot ønska tiltak, samt fare for akutt forureining.

## Sannsyn og konsekvens

Sannsyn nyttast som et mål for kor truleg det er at ei bestemt uønska hending vil inntreffe i det aktuelle planområdet, innanfor eit tidsrom, gitt eksisterande kunnskap. Konsekvens er den verknaden ei uønska hending kan få for planområdet og utbyggingsformålet. Konsekvens tek utgangspunkt i viktige samfunnstryggleiksverdiar, og blir utrekna som belastning for befolkning som liv og helse, stabilitet og materielle verdiar.

Risiko vert da ei avveging mellom sannsyn og konsekvens.


Følgande sannsynskategorier er lagt til grunn:

Sannsynlighetskategorier	Tidsintervall	Sannsynlighet ( per år)
<b>Høy</b>	Oftere enn 1 gang i løpet av 10 år	>10%
<b>Middels</b>	1 gang i løpet av 10- 100 år	1-10%
<b>Lav</b>	Sjeldnere enn 1 gang i løpet av 100 år	<1%

Følgande konsekvenskategoriar er lagt til grunn:

Konsekvenstyper	Høy	Middels	Lav
<b>Liv og helse</b> (vurderes ut fra antall)	Dødsfall eller flere enn 3 personskader som medfører sykemelding og lengre sykefravær	Inntil 3 personskader som medfører sykemelding og lengre sykefravær.	Ingen eller små personskader.
<b>Stabilitet</b> (vurderes ut fra antall og varighet)	Tap av kritiske samfunnsfunksjoner i mer enn 1.døgn	Tap av kritiske samfunnsfunksjoner i inntil 1.døgn	Tap av kritiske samfunnsfunksjoner i inntil 1 time.
<b>Materielle verdiar</b> (vurderes ut fra direkte skade på eiendom)	Uopprettelig skade. Bygg eller anlegg blir ubrukelig og må erstattes helt	Alvorlig skade. Bygg eller anlegg kan fortsatt blir brukt men med nedsatt funksjon.	Uvesentlig skade. Bygg eller anlegg med nærmest full funksjon. Akutte tiltak er ikke nødvendig.

## B2 – Bustadområde Vatlandsvåg (og FB4 fritidsbustad)



Ros-analyse	Utgreiing	Risiko Sannsyn/ konsekvens
<b>Naturrisiko</b>		
Havnivåstigning eller flaum	Ingen risiko	
Erosjon, ras eller utgliding	<p>Store delar av området ligg under marin grense. Kan vere førekomst av kvikkleire. Godkjente nyetableringar i området rundt og synleg berg i dagen aukar sannsynet for at det ikkje er kvikkleire, men dette må utgreiast.</p> <p>Delar av området ligg innanfor NVE sitt aktsemdområde for utløysings- og utløpsområde for snøskred. Det er ikkje gjort konkret kartlegging av området. Området er skogkledd og kystnært, men skred bør greiast ut på detaljnivå. Området ligg heilt i kanten av aktsemdområde for steinsprang</p>	
Radon	Området er klassifisert med høg aktsemd for radon	
<b>Infrastruktur</b>		
(veg, institusjonar og utrykkings etatar)	Det ligg infrastruktur fram til nærliggande hytte og bustadfelt. Auke i hytter og bustader på grunn av dei nye områda vil vere liten da områda er avgrensa i omfang og auka belastning på infrastrukturen vil derfor vere moderat	
<b>Verksemdrisiko</b>		
(Støy, forureining, utilsikta inngrep i naturmangfald/kulturminne)	All bygging inneber ein viss risiko for auka forureining. Dette er ei etablering av få einingar med bustadhus og hytter og risikoen for auka støy og forureining er derfor liten.	

**Samla vurdering av B2 og FB4:**

Det bør settast krav til nærare utgreiing av fare for kvikkleire og ras i reguleringsplan.

Området ligg innanfor NVE sitt aktsemdområde for snøskred. Det er ikkje gjort konkret kartlegging på området.

**Oppfølging i revidert kommuneplan:**


Det vert sett inn krav i kommuneplanen til detaljregulering og utgreiing av fare for kvikkleire og snøskred.

**2.1.1. Bustad**

*b) I område avsett til bustad B2- Vatlandsvåg skal reguleringsplan og omfatte område avsett til fritidsbustad FB4.*

*Reguleringsplan skal innehalde utgreiing om fare for kvikkleire og skred og eventuelle krav om avbøtande tiltak skal innarbeidast.*

## NÆ3 og ABA1 – Næring og småbåtanlegg i Finnvik



Ros-analyse	Utgreiing	Risiko Sannsyn/ konsekvens
<b>Naturrisiko</b>		
Havnivåstigning eller flaum	Området ligg innanfor aktsemdområde for stormflo. Området ligg og utsett til for bølge påverking. Innspelar er merksam på utfordringa og det er planlagt bølgebrytar i HOS3.	
Erosjon, ras eller utgliding	Området ligg under marin grense. Kan vere førekomst av kvikkleire. Det er mykje berg i dagen i området som gjer sannsynet for kvikkleire liten. Delar av området ligg innanfor aktsemdområde for utløysings- og utløpsområde for snøskred. Området ligg delvis innanfor aktsemdområde for utløpsområde steinsprang. Faresoner innan området må kartleggast i reguleringsplan	
Radon	Området er klassifisert med moderat til låg aktsemd for radon	
<b>Infrastruktur</b>		
(veg, institusjonar og utrykkings etatar)	Infrastruktur er etablert fram til området. Vegen til Finnvik er smal med moderat med trafikk. Etablering på næringsområdet vil gi lita auke i trafikk på vegen då det meste av trafikken vil gå med båt. Naustområde vil hovudsakleg nyttast av hyttefolk og fastbuande som allereie er etablert på plassen.	
<b>Verksemdrisiko</b>		
(Støy, forureining, utilsikta inngrep i naturmangfald/kulturminne)	Området er tenkt nytta til etablering av landbase for oppdrettsnæring og naust. Desse verksemdene vil ha liten påverknad på nærmiljøet.	

### **Samla vurdering av NÆ3 og ABA1**

Området ligg utsett til, spesielt for bølgepåverknad. Området HOS3 i sjø er tatt med for å kunne etablere bølgebrytar. Landbase for oppdrett og naust må ligge sjønært. Dette er eit av dei få områda som egner seg for etablering på Vindafjordsida. Her er det både veg, og mogleg terrengmessig å få etablert naust. Delar av området ligg i aktsemdområde for skred, og plassering av bygg, eventuelt avbøtande tiltak må greiast ut nærare i reguleringsplanprosessen.

### **Oppfølging i revidert kommuneplan:**


Det vert sett krav til at skredfare kartleggast og at eventuelle naudsynte avbøtande tiltak må gjennomførast.

#### **2.1.3 Næringsområde**

*d) i område avsett til framtidig næring i ytra Finnvik NÆ3 skal reguleringsplan og omfatte felles regulering av hamneområde i sjø og område for småbåtanlegg.*

*Reguleringsplan skal innehalde utgreiing om fare for kvikkleire og skred og eventuelle krav om avbøtande tiltak skal innarbeidast.*

## FB2 – Fritidsbustad Ullestad



Ros-analyse	Utgreiing	Risiko Sannsyn/ konsekvens
<b>Naturrisiko</b>		
Havnivåstigning eller flaum	Ingen risiko	
Erosjon, ras eller utgliding	<p>Området ligg under marin grense. Kan vere førekomst av kvikkleire, men området ber preg av å vere grunnlendt. Sannsyn for kvikkleire blir derfor vurdert til låg men konsekvens ved ei hendig er høg. Risiko blir derfor middels og det må settast krav til nærare utgreiing.</p> <p>Området ligg innanfor NVE aktsemdområde for utløyings- og utløpsområde for snøskred. Bergveggen i bakre del av området er for bratt til å samle store mengder snø og sannsyn for snøskred blir derfor vurdert til låg. Konsekvens av ei hending er derimot høg, og det bør settast krav til nærare utgreiing under regulering.</p> <p>Området ligg i aktsemdområde for steinsprang. Fare for steinsprang bør utgreiast nærare.</p>	
Radon	Området er klassifisert med høg aktsemd for radon	
<b>Infrastruktur</b>		
(veg, institusjonar og utrykkings etatar)	Det er etablert infrastruktur fram til området. Vegen er smal. NY avkjørsel frå hovudveg kan innebere ei auke i ulykkesrisiko. Bør utgreiast nærare.	
<b>Verksemdrisiko</b>		

(Støy, forureining, utilsikta inngrep i naturmangfald/kulturminne)	Delar av området ligg innanfor støyvarselkart frå fylkesvegen, men i sone med lågt støynivå. Hytteetableringa vil i seg sjølv ikkje innebere noko verksemdrisiko for området. Området er frå før av prega av fritidsbustader.	
--	---	--

### **Samla vurdering av FB2**

Området ligg i aktsemdområde for kvikkleire og snøskred. Dette må greiast ut nærare i reguleringsplan.

### **Oppfølging i revidert kommuneplan:**

Det vert sett krav til at skredfare og mogleg kvikkleire kartleggast og at eventuelle naudsynte avbøtande tiltak må gjennomførast.

#### **2.1.2 Fritidsbustad**

*e) For område FB2 – Udlestad er det krav om utarbeiding av reguleringsplan. Reguleringsplan skal innehalde utgreiing om fare for kvikkleire, snøskred og steinsprang. Eventuelle krav om avbøtande tiltak skal innarbeidast.*